

# Dei sjølvrettferdige dommarane

Stiftelsen Norsk Okkupasjonshistorie, 2014

Baard H. Borge har skrive ei balansert bok om NS-borna.

## ■ SAKPROSA

Baard Borge:  
«De kalte oss naziengel. NS-barnas historie 1940-2002»  
Det Norske Samlaget



krigsoppgjeter. Og, vil somme seia, berre etter at kommunismen, den andre raude diktaturvarianten i det 20. hundreåret, fell bort som fiendebilete, er det mogleg å ha eit nyansert syn på nasjonalsosialismen, det brune diktaturet.

Dei spørsmåla ein no kan stilla er: Kvifor vart det aldri gjort freistnader på å laga noko som likna sannings- og forsoningskommisjonar i 1945 hjå oss? Overgrepa i Sør-Afrika, i Chile og Argentina var, når alt kjem til alt, mykje verre enn det som råka Noreg frå 1940 til 1945.

koma. Det norske storsamfunnet burde kunna visa så pass rettferdskjensle no. Eit overgrep er gjort mot uskuldige – det er saka.

Ein kan kan henda skjønna kvifor mange reagerte som dei gjorde mot NS-folka, dei vaksne, men som franskmennene seier: «Å forstå er ikkje å tilgje». Og utan atterhald var det utilgjeveleg å trakassera borna.

I overkant av 55.000 nordmenn valde «den andre sida» under okkupasjonen. Om alle fekk to born, dreier dette seg med andre ord om ca. 100.000 menneske. Baard Borge er nøye med å slå fast at mange klarte seg godt. Men at lagnaden deira etter krigen også ofte var vond, er dei fleste samde i. Isfronten som vart etablert under

krigen på grunnlag av parolar frå Heimefronten – og som ope sa frå at *heile* familien skulle frysast ut – vart folgt opp trufast også etter krigen. Og det er vel ei kjend sak at det ikkje sjeldan var dei som ikkje hadde så mykje å skryta på seg av innsats mot tyskarane under krigen som var mellom dei første til å iføra seg den moralske rustninga etterpå. Dårleg samvit gav ofte den ekstra energien til dommesjuka – og då særleg overfor uskuldige born. At dei «gode nordmennene» på dette viset avdekte ein rem av den same umenneskelege huda som nazistane hadde i så stort monn, slo dei aldri som noko problem. Overfor sjølvrettferdig moralisme er samvitet ofte ein skrøpelig instans, ei lett flyttbar eining.

Tyskarane sin okkupasjon av Noreg var som eit lett vindkast samanlikna med det som hende i Sovjet, Nederland, Hellas og til og med Frankrike. Kvifor tok det innpå 60 år før ei forskningsbasert bok om NS-borna kom ut? (Tidlegare Dag og Tid-redaktør Asgeir Olden gav i 1988 ut ei intervjubasert bok, *Fødd skuldig*.) Kvifor tenkte alle i 1945 fyrst og fremst på juridiske oppgjær, rettsoppgjær, heller enn på ei forståing med fienden som kunne ha gjort det lettare å leva saman i dette landet etterpå? Var frontane for harde, tanken på forsoning heilt umogeleg?

Slike spørsmål melder seg med ein gong etter lesinga av statsvitareren Baard H. Borge si bok om born av NS-foreldre, *De kalte oss*

*naziengel. NS-barnas historie 1940-2002*. Der gjer forfattaren seg til talsmann for ei vilkårslaus orsaking frå norske styresmakter si side for måten borna vart hand-sama på under oppveksten. NS-borna fortener i alle fall like mykje ei orsaking som krigsborna, meiner han.

Eit slikt ynskje reiser mange problem, for kven er eigentleg adressaten her? NS-borna si sak liknar her på dei mange andre oppgjera for historiske overgrep som har oppstått på 1990-talet, til dømes frå svartar i USA for slave-riet, urfolk og offera etter diktatur. Så kven er skuldig? Den rabiate læraren som hundsa NS-barnet i klassen og øydelagde han for livet? Naboen som trakasserte sonen til

torturisten Henry Rinnan og reiv ut skolebøkene hans og skreiv «nazifan» på permene? Byråkratar som forlengde straffa ved småleg og dømande handsaming i år etter år etter krigen? Heile lokal-samfunn som kviskra i tiår etter okkupasjonen at nokre var på «den andre sida»? Den norske staten?

Krigsborna – born av tysk far og norsk mor – kom på mange vis i ei betre stilling etter krigen enn born av norske NS-folk, skriv Borge. Krigsborna var fødde under og like etter krigen. Då dei voks opp, kom dei mindre i den direkte skolinja enn dei meir vaksne NS-borna. Eg vil meina at dersom ei orsaking har mykje å seia for kjenslene til offera og styrkjer sjølvkjensla deira, ja så bør ho

Kvifor gjev det så lita meining å stilla spørsmålet om ein sanningskommisjon i Noreg etter krigen? Fordi frontane var for harde, rett og slett. Tanken var umogeleg. Og verre: Den som hadde føreslått dette ville sjølv med eingong ha vorte brennemerkt som stripete eller verre. Det er rett og slett uhistorisk å stilla spørsmålet, må ein nok seia i dag.

Det gjev stoff til ettertanke – når ein reflekterer på kva andre folk som har lide seg gjennom meir, har makta av forsoning. Noreg i 1945 var så polarisert at det ikkje var mykje plass for balansert, etisk refleksjon.

Så skal det også seiast at heller ikkje NS-folk var særleg budde på å vedgå at også dei tok feil, til

dømes i å innsjå at dei ved å ha støtta NS-ideologien kom i skade for å stå bak ein politisk posisjon som fekk uhyrlege drap til følge. Mange frå NS vil seia at dei ikkje støtta Hitler, men ikkje så få viste støtta Hitler, men ikkje så få viste anti-semittiske straumdrag både før og under krigen. Og sjølv om ingen NS-folk «ville» ha Holocaust, kan det tenkjast at ein større vilje til sjølvransaking i høve til det menneskesynet og dei effektane som nazismen fekk, hadde kunna opna rom for ein samtale.

Svaret som ofte kjem, er at dei fleste NS-folka vart arresterte etter 8. mai. Dei vart aldri gjevne høve til nokon dialog. I alle fall er eitt klart: Det var borna som bar den tyngste bora i åra etter.

Baard H. Borge har skrive ein

balansert studie. Han går inn i ein veksande forskningstradisjon som ser krigen frå andre synsstadar enn den føreseielege. Han har gjennomført ei intervju-undersøking som skal inngå i eit større doktorarbeid i statsvitenskap. Vi har all grunn til å venta med stor interesse på oppfølginga. Boka som ligg føre no, er både lettlesn og interessevekkjande og burde kunne verka som olje på eit opprørt hav – og kan henda gje det endelege støytet til ei orsaking.

Bernt Hagtvet

Bernt Hagtvet gav i 1982 ut verket *Den norske nasjonalsosialismen* (Pax) saman med Hans Fredrik Dahl og Guri Hjeltnes